



- eit fyrtårn i vest

Enkelt samspill


Enkelt samspill er eit elektronisk samhandlings-verktøy som er oppretta for og med den som er hovudperson (eller føreset/verge).

Som ved IP er det koordinator og hovudperson som i felleskap bestemmer kven som blir invitert inn og ein logger seg på ved bank-ID eller brukarnamn og passord. Ein må ha funksjonell e-postadresse og mobiltelefonnummer for å bruke Enkelt samspill.

Dersom ein har behov for koordinator og ansvarsgruppe, men ikkje ønskjer å lage felles mål, som i ein individuell plan, kan ein vurdere Enkelt samspill. I Enkelt samspill kan ein:

- Sende meldingar til alle som er med i planen på ein trygg måte
- Skrive og samle møtereferat

Enkelt samspill kan konverterast til ein individuell plan, men ikkje motsett. Ein del vel å byrje med Enkelt samspill først, så konvertere denne til individuell plan når dei har blitt kjent med systemet. Det er brukar/føresette og koordinator som saman vel kva som er det rette for den einskilde.



Copyright Øygarden kommune 2023

Grafisk utforming: Monica Hovland

Foto/illustrasjoner: Mostphotos

OYGARDEN.KOMMUNE.NO



- eit fyrtårn i vest

Koordinator, barnekoordinator og individuell plan



Alle som får langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester etter helse- og omsorgstjenesteloven har rett til å få koordinator og individuell plan dersom dei ønskjer det.

OYGARDEN.KOMMUNE.NO

Koordinator

Alle som får langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester har rett til å få koordinator og individuell plan dersom dei ønskjer det. Ein koordinator skal sørge for nødvendig oppfølging og sikre samordning av tenestetilbodet. Ein koordinator kan:

- Vere din kontaktperson i kommunen
- Organisere ansvarsgruppemøter
- Utarbeide individuell plan eller Enkelt samspill

I Øygarden kommune nytter vi DIPS Samspill for individuell plan og Enkelt samspill. Planen skal vere eit verktøy for samarbeid mellom tenestemottakar og hjelpeapparatet, og mellom dei ulike tenesteytarane. Alle som ønskjer koordinator/ein individuell plan må sende førespurnad om det til koordinerande eining. Skjema for førespurnad finn ein på Øygarden kommune sine nettsider.



Barnekoordinator

Barnekoordinator er ein forsterka rett til koordinering av tenester for barn med langvarig og alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne. Vilråa for å få innvilga barnekoordinator er samla sett noko strengare enn for alminneleg koordinator.

Familiar som har eller venter barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne som treng ulike helse-, omsorgs- og velferds-tenester, kan ha rett på å få oppnemnt barnkoordinator i kommunen. Rett til barnekoordinator gjev ikkje rett til fleire tenester, men skal bidra til at dei tenestene ein har samarbeidar.

Ein barnekoordinator skal:

- Syte for koordinering av det samla tenestetilbodet kring barnet og familien
- Bidra aktivt til at tenestene kring barnet og familien samarbeider

- Leggje til rette for at barnet og familien får nødvendig informasjon og heilskapleg rettleiing om rettigheter og relevante tenestetilbod
- Leggje til rette for gode overgangar mellom ulike livsfasar
- Sikre framdrift i arbeidet med individuell plan

Førespurnad om barnekoordinator sendast på same skjema som alminneleg koordinator. Presiser i søknadsteksten kva det bes om.



Individuell plan

Individuell plan (IP) er eit elektronisk målstyringsverktøy som er oppretta for og med den som eig planen (eller føresett/verge). IP er eit trygt og oversiktleg verktøy der plan-eigar sine ønskjer og behov står i fokus. Koordinator og planeigar bestemmer i fellesskap kven som blir invitert inn i planen. Ein logger seg inn ved bank ID eller brukarnamn og passord. For å logge seg inn i plan må ein ha funksjonell e-postadresse og mobiltelefonnummer. Inne i IP'en kan ein:

- Lage felles mål og tiltak ut frå planeigars ønskjer og behov
- Skrive om bakgrunnen til planeigar
- Sende meldingar til alle som er med i planen på ein trygg måte
- Skrive og samle møtereferat

Treng du koordinator/individuell plan?

Dersom du lurar på om du kan ha nytte av koordinator og eventuelt individuell plan kan du drøfte dette med helsepersonell i kommunen eller sende førespurnad til koordinerande eining. Du kan også lese veileder rehabilitering, habilitering, individuell plan og koordinator, som er tilgjengeleg på [nettsida til helsedirektoratet](#).